



Sjuandeklassingen Magnus Bu med herleg aure frå Mannsvatnet kokt på steinaldervis. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Dei som levde i steinalderen - det vil seie fram til rundt år 1.500 før Kristus - var slett ikkje primitive mennesker. Dei var sofistikerte folk med velfungerande reidskapar**



No er fisken klar til å etast! Elevane fylgjer spente med i det som skjer i kokegropa. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Arkeolog i Hordaland fylkeskommune Signe Nygard gjorde det klart då uskedalen.no traff ho på Uskedalen oppvekstcenter. Ho leiar ei gruppe på tre arkeologar som no er innom alle skulene i Kvinnherad med steinalderdagar. Rundturen tek omkring sin månad og torsdag var det Uskedalen sin tur i fem timar. Tidlegare har dei hatt undervisningsopplegg andre stader, men det er første gongen arkeolog-gruppa er i vår kommune.

Signe Nygard, Morten Kutschera og Solveig Roti Dahl gjer sitt beste for å ta livet av mytene om steinalderen og dei som levde då. Mytene botnar for ein stor del i kunnskapsløyse og mistydingar.

- Og skal ein gjera noko effektivt for å gjera steinalderen handgripeleg og ta livet av mytene må ein starta med borna, sa arkeolog-trioen.

Signe, Morten og Solveig gjer ein viktig innsats for å fylla opp den kulturelle skulesekken.

Trioen synte på fleire vis kor flinke steinalderfolka eigentleg var og her er to døme:

Lærar Ståle Eik hadde fanga aure i Mannsvatnet til steinalderdagen. Fisken vart kokt på under 20 minuttar i groper med glovarme steinar og elevar som ikkje var særleg begeistra for fisk tykte den smaka fortreffeleig.

- Eg har aldri hatt lyst på fisk, men denne var kjempegod, sa Katrine.

Arkeolog Morten hadde med seg flintkjerner frå øyane Lolland og Falster i Danmark. Med velretta slag slo han sylskarpe knivar av kjernene. Ja, flintknivane, som slett ikkje må slipast før bruken, er skarpere enn mange av dei knivane som blir nytta i dag. Grunnen til at Morten henta steinen frå Danmark er at det ikkje er så lett å finna flint her i Noreg no som det var i steinalderen.

Mortens spesialitet i høve til steinalderen er nettopp å laga steinalder-reidskapar på steinaldervis.

Femte, sjette og sjuande klasse med sine tilsaman 42 elevar tok del i steinalderdagen og engasjementet var stort. Elevane vart delt opp i grupper med ymse oppgåver og så var det rullering. Medan ei gruppe til dømes hadde teori, dreiv ei anna med hogging av flintknivar. Alt gjekk føre seg på skulen fordi undervisninga då gjekk raskara og var meir effektiv enn om dei hadde vald å dra ut i bygda. Men om dei hadde gjort det, hadde det ikkje vore problematisk å vise til stader der det er gjort funn av steinalderminne i Uskedalen. Det er funne dolkar, knivar og øksar av flint både her og der.

Så steinalderfolka var nok like avanserte her som andre stader.

**Av Ola Matti Mathisen**



Arkeolog Morten Kutschera viser elevane korleis ein lagar flintknivar. (Foto: Ola Matti Mathisen)